


## Kva er Line Dance?

02.11.2010



Berta og Arne Langeland frå Husnes dansar i Helgheim.

**Det er vel og bra at det dansast Line Dance (skrivast med to ord) på Helgheim på måndagskveldane, men kva er egentleg Line Dance?**

**Det spør fleire som ikkje er så bevandra i internasjonale dansar og vi tyr til definisjonen i kursopplegget til Johan Fasting frå Hamar. Han har vore dansemisjonær på farten året rundt i fleire tiår.**

I Line Dance dansar ein på rader og rekkjer, difor Line Dance eller linjedans. Det er lett å komma i gang med denne dansen ettersom ein ikkje treng nokon partner.

Mange av dansane er enkle 'evergreens' som dansast i alle miljø. Men sidan dette er ein folkeleg dans er det gjerne lokale variasjonar ut ifrå kva dansarane på stedet finn på og likar.

Korleis ein bevegar seg avheng av både menneskjetypar, miljø, musikk og hvilke andre dansar som er dominerande i miljøet ved sidan av Line Dance, Difor vil danseuttrykket bli ulikt i til dømes USA og England.

Mange av dei enklaste dansane kan dansast til ein melodi som passar bra. Likevek er dei fleste koreografert til til ein spesiell melodi og har gjerne samme namn som denne eller namn som har med melodien å gjera.

Dette gjer det enklare å veta kva ein skal dansa når melodien blir spela. Nokre stader blir det gjeve beskjed om kva som skal dansast mens nokre dansarar tek leiinga på golvet andre stader.

Det er fleire typer dans på rekker og rader og Fasting nemner Madison, Stroll, Country Line Dance og Non Country Line Dance. Berre dei to siste formane fell inn under dagens begrep om Line Dance. I USA er den dominerande formen Country Line Dance som oppsto i country & western-miljøar på landsbygda på 1970-talet.

Line Dance slik vi kjenner den i dag har eksistert med kurs og eigne danselokal i 15 år. På starten av 1990-talet kom eksplosjonen med dansen 'Achy Breaky Heart' og ei ny musikkbølge med country-rock.

I dag er Australia og England størst på Line Dance utanfor USA. I Noreg er det halde kurs sidan 1996 og dedtte er ein veksande danseform i rask utvikling også i vårt land og både med omsyn til stilartar og nedslagsfelt i ulike miljø.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen